

FANGST OG SKJELPRØVAR I AUDNA


Fangststatistikk

Gjennomsnittleg fangst av laks i perioden 1995-2015 var 762 per år (snittvekt 2,3 kg), fangstane låg mellom 400 og 1200 dei fleste åra (**figur 1**, stolpar). Etter at det var svært dårleg fangst i 2010 (98 laks), vart det i 2011 fanga heile 1231 laks, som er mellom det meste som er registrert i elva. Dei tre neste åra gjekk fangstane nedover, til 445 laks i 2014, men i 2015 vart det fanga 994 laks (snittvekt 2,3 kg), eit godt resultat for Audna.

Gjennomsnittleg fangst av sjøaure i perioden 1995-2015 var 188 per år (snittvekt 1,1 kg). Fangstane har variert usystematisk, frå nær 500 i 1995 og -96, til berre 12 i 2010. I 2015 vart det fanga 130 sjøaure (snittvekt 1,2 kg), eit resultat på det jamne.

Det er visse likskapstrekk mellom fangstutviklinga i Audna og i resten av fylket (**figur 1**, linjer), men også fleire år med klare avvik. Særleg laksefangstane i 2010 og 2014 var låge i Audna i høve til resten av fylket.

Sidan 2009 har ein del av den fanga fisken vorte sett levande ut att i elva. For laks har det utgjort 7-13 % av fangsten dei fem siste åra. I 2010 og 2011 vart over 90 % av sjøaurane sett ut att, etter det har andelen vore 10-40 %. I 2015 vart 13 % av laksane og 31 % av sjøaurane sett ut att.



FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Audna i perioden 1995-2015 (antal, stolpar). Det er skild mellom smålaks (<3 kg, grøn), mellomlaks (3-7 kg, raud) og storlaks (>7 kg, svart). Linjer viser fangst i resten av Vest-Agder, utanom Audna. **NB!** Fangst inkluderer både avliva og gjenutsett fisk.

Skjelmateriale

Det har vore samla inn skjelprøvar regi av Rådgivende Biologer sidan 2012, men oppslutninga har variert, og to av åra kom det inn berre 10-15 prøvar. I 2015 mottok me skjelprøvar av 71 laks og 6 sjøaure, det klart beste resultatet så langt. Det utgjer høvesvis 8 og 7 % av dei avliva fiskane. Det har ikkje vore registrert rømt oppdrettslaks nokon av åra.

Mellom laksane var 35 smålaks, 28 mellomlaks og 8 storlaks. Denne storleiksfordelinga (høvesvis 49, 39 og 11 %) skil seg frå den registrerte fangsten (høvesvis 78, 20 og 2 %), dvs. at det var teke prøvar av relativt sett fleire store fiskar enn små. Alle storlaksane og ¼ av mellomlaksane i skjelmaterialet, til saman 15 fisk, var andregongsgytarar, ein svært høg andel.

Sjøaurane hadde vore 4-7 somrar i sjøen, og vog 1-4 kg.

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf. 55 31 02 78 – Fax. 55 31 62 78

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no


FANGST OG SKJELPRØVAR I LYGNA

Fangststatistikk

Gjennomsnittleg fangst av laks i perioden 1995-2015 var 397 per år (snittvekt 2,4 kg). Fangstane auka jamt frå seint på 90-talet og fram til 2005, deretter har det vore sin god del mellomårsvariasjon (**figur 1**, stolpar). Dei høgaste fangstane var i 2011 og 2012, med høvesvis 917 og 851 laks. I 2015 vart det fanga 586 laks (snittvekt 2,3 kg). Det er relativt dårleg samsvar mellom fangst av laks i Lygna og resten av fylket (**figur 1**, linje).

Gjennomsnittleg fangst av sjøaure i perioden 1995-2015 var 394 per år (snittvekt 0,9 kg). Etter rekordåret 2000, då det vart fanga 1324 sjøaure, har fangstane gått jamt nedover. I 2015 vart det fanga 150 sjøaure (snittvekt 1,0 kg), ein av dei lågaste fangstane som er registrert i heile perioden. Utviklinga i sjøaurefangstar er svært lik det ein ser i resten av fylket, noko som indikerer at dei viktigaste faktorane ikkje er særigne for Lygna.

Sidan 2010 har 10-30 % av laksane og 45-65 % av sjøaurane vorte sett levande ut att i elva. I 2015 var andelen høvesvis 10 og 54 %. Gjenutsett fisk er inkludert i fangststatistikken.



FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Lygna i perioden 1995-2015 (antal, stolpar). Det er skild mellom smålaks (<3 kg, grøn), mellomlaks (3-7 kg, raud) og storlaks (>7 kg, svart). Linjer viser fangst i resten av Vest-Agder utanom Lygna. **NB!** Fangst inkluderer både avliva og gjenutsett fisk.

Skjelmateriale

Det har vore samla inn skjelprøvar regi av Rådgivende Biologer sidan 2012, men oppslutninga var dårleg dei tre første åra, det kom inn berre 20 prøvar totalt. I 2015, derimot, mottok me skjelprøvar av heile 112 laks og 3 sjøaure. Dette utgjer høvesvis 21 og 4 % av dei avliva fiskane. Bortsett frå ein rømt oppdrettslaks i 2014, har det berre vore villaks i skjelmaterialet. Det er såleis ikkje noko som tyder på at rømt oppdrettslaks var noko problem i Lygna i 2015.

Mellom laksane var 90 smålaks, 19 mellomlaks og 3 storlaks. Denne storleiksfordelinga (høvesvis 80, 17 og 3 %) er svært lik den registrerte fangsten (høvesvis 79, 19 og 2 %), og indikerer at skjelmaterialet er representativt for den totale fangsten. Snittvekta (2,4 kg) er nøyaktig den same for dei fiskane det var teke skjelprøvar av, som for den totale fangsten.

Sjøaurane hadde vore 4 og 5 somrar i sjøen, og vog 0,8-1,4 kg.

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf. 55 31 02 78 – Fax. 55 31 62 78

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no